

ETNE KOMMUNE

SAKSUTGREIING

Utval	Møtedato	Saknr	Saksh.
Komite Forvaltning	16.05.2013	064/13	FRH

Sakshandsamar: Frida Halland	Arkiv: N-504, gbn- 131/169	Arkivsaknr: 2013000761
--	--------------------------------------	----------------------------------

ENDRING AV FØRESEGNER TIL DETALJREGULERING FOR PRESTALIO

Vedlegg i saka:

Føresegner, dagsett 30.04.2013

Utrykte saksdokument:

Rettleiar til Forskrift om tekniske krav til byggverk, kapittel 7
Brev frå Jose Åsheim Ojeda, dagsett 29.04.2013

Saksgang:

Komite Forvaltning

Utskrift til:

Ørjan Tveiten
Akvator

SAKSUTGREIING:

1. Kva saka gjeld:

Godkjenning av føresegner til detaljregulering for Prestalio, der sikringsklasse for naturpåkjenningar mot ras samsvarer med krav sett i Forskrift om tekniske krav til byggverk (Tek 10), kapittel 7 om *Sikkerhet mot naturpåkjenningar*, av Komité Forvaltning.

2. Bakgrunn for saka:

Kommunestyre gjorde vedtak av detaljregulering for Prestalio den 30.04.2013, sak 30/13 den 30.04.2013, med det tillegget at føresegnene skal justerast slik at dei samsvarer med Tek 10 av Komité Forvaltning.

3. Problemstilling:

Komité Forvaltning lyt godkjenne nye føresegner til detaljregulering for Prestalio, slik at desse samsvarer med krav sett i Tek 10.

4. Vurdering:

Når ein byggjer bustader vert det sett ulike krav til bygget, mellom anna er det sett krav til kva konsekvensar ei naturpåkjenning kan ha, og kor stort sannsyn det er for at denne naturpåkjenninga skal finne stad.

Tek 10 er delt inn i ulike sikringsklassar. Det er desse sikringsklassane som gjer at ein endrar på føresegnene. Ein har sikkerheitsklasse S1, S2 og S3. Tek 10 set ulike grenser for kor mykje konsekvens ein «toler» ut frå sannsyn for at ei hending skal skje.

I sikringsklasse S2 er øvre nominell årleg grense for at eit ras skal skje sett til 1/1000. Innan S2 kan ein plassere bustader med «annslagsvis maksimum 10 personer». For bustader med rundt rekna 10 personar, eller over, kjem ein i sikringsklasse S3. S3 har 1/5000 som største nominelle årlege sannsyn.

Det er desse klasseinndelingane som skaper problem med kva hus ein legg til rette for i detaljregulering for Prestalio. Fleirmannsbustader, einestader i kjede/rekkehus med tre einingar eller meir, bustadblokker, brakkeriggjar, næringsbygg osv. vert rekna inn i S3 (etter rettleiar til Tek 10). NGI-rapporten, som greier ut om rasfare i området for detaljreguleringa har undersøkt etter S2. Ein har difor ikkje teke høgde for større bueiningar, og ein veit ikkje om krav innan S3 vert stetta.

Vidare er det retta tvil om det er gjort gode nok undersøkingar innan detaljreguleringa for å utelukke at det er kvikkleire. Det er ikkje gjort registreringar av kvikkleire i rapportane som tek føre seg skredfare i området. Skånevik er heller ikkje registret som fareområde for kvikkleire hjå kartbasar slik som til dømes Skredatlas.no eller atlas.nve.no. Etne kommune er ikkje kjend med at det er kvikkleier innan området.

Konklusjon:

Dei to tomtene som det var tenkt at skulle kunne leggje til rette for fleirmannsbuster, nr 11 og 17 vert endra til tomter det kan «førast opp einestad, tomannsbustad, kjedehus og/eller rekkehus med inntil to bueiningar på kvar tomt». Endringa får ikkje fylgjer for plankartet, men er å finna i føresegner.

TILRÅDING FRÅ RÅDMANNEN:

Med heimel i Plan og bygningslova § 12-14 vedtek Komité Forvalting endringar i føresegner, dagsett 30.04.2013, for detaljregulering for Prestalio, gnr. 131, bnr. 169 mfl. Detaljregulering for Prestalio er med dette eigengodkjend av Etne kommune i samsvar med Pbl. 12-12, jf. kommunestyrevedtak 30/13.

16.05.2013 KOMITE FORVALTNING

FV-064/13 VEDTAK: samrøystes

Med heimel i Plan og bygningslova § 12-14 vedtek Komité Forvalting endringar i føresegner, dagsett 30.04.2013, for detaljregulering for Prestalio, gnr. 131, bnr. 169 mfl. Detaljregulering for Prestalio er med dette eigengodkjend av Etne kommune i samsvar med Pbl. 12-12, jf. kommunestyrevedtak 30/13.